



Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 DEP
0030 OSLO

Vår referanse
19/878 20/6350

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Bernt Brandal

Dato
09.06.2020

Avhending av Fiskerihamner

Hareid kommune syner til prosessen med overføring av eigarskap og forvaltning av fiskerihamner frå staten og over til fylkeskommunane. Vi syner og til det oppdraget Kystverket har med å avhende ikkje næringsaktive fiskerihamner.

Med dette ynskjer Hareid kommune å stille to kontrollspørsmål til Samferdselsdepartementet.

1. Har Kystverket mandat til å avhende hamn/molokonstruksjon til annan eller lågare sum enn framlagd takst?
2. Har Kystverket plikt til å etterkome krav om tinglyste dokument for eigarskap eller annan juridisk avklaring av rettar og status overfor grunneigar?

Bakteppet for desse spørsmåla er at Hareid kommune har ein relativt omfattande korrespondanse med Kystverket vedkomande eventuell overtaking av hamner og moloar. I Hjørungavåg fekk kommunen tilbod om overtaking av ein molo til ein takst på kr 500.000. Kommunen var ikkje interessert i dette tilbodet og fekk difor nytt tilbod datert 08.05.2020. Denne gongen var tilbodet vederlagsfri overdraging av bruksrettar og eigedom. Endringa i tilbodet ser ut til å ligge innanfor mandatet til Kystverket, og kommunen vil handsame dette på ein politisk korrekt måte.

I Brandal ligg det og ei fiskerihamn som Kystverket ynskjer å avhende, og som kommunen fekk tilbod om å overta rettane på til ein takst av kr 450.000 datert 23.01.2019. Seinare kom det nytt tilbod basert på ein revidert takst på kr 200.000 datert 15.05.2019. Kystverket starta denne prosessen med å ville selje ei fiskerihamn, men har etterkvart innskrenka det til berre å gjelde sal av den minste av to moloar. Samstundes har Kystverket stadfesta at dei ikkje har eigedomsrett til grunn eller grunneigarerklæringar om avstått grunn eller grunnrettar. I brev av 02.04.2020 skriv Kystverket dette, sitat:

"Vi fastholder at vi ikke har mandat til å avhende våre anlegg i fiskerihavner til kommunen til annet enn takst."

Når kommunen ein måned etterpå får tilbod om å overta molo på Hjørungavåg til kr 500.000 under takst er det grunn til å stille spørsmål i høve mandatet til Kystverket.

Hareid kommune har bede Kystverket om dokumentasjon som er turvande for overføring av eigedomsrett til fast grunn og faste installasjonar. Dette er spørsmål og krav i samsvar med den budsjettmerkningen av 08.11.2019 som Samferdselsdepartementet fekk oversendt frå fylkeskommunane i Møre og Romsdal, Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark. I denne merkningen står det m.a. skrive, sitat:

"Manglende tinglysing. Det anses uaktuelt for regionene å overta havner med manglende grunneierforhold. Kystverket må enten sørge for tinglysing av slike rettigheter eller fremskaffe en juridisk avklaring av fylkeskommunens rettighet/status overfor grunneier(e)."

I brev av 20.04.2020 avslutta Kystverket korrespondansen med Hareid kommune for å lyse ut sal av Brandal fiskerihavn til ideelle organisasjonar. Vi registrerer at dei lyser ut sal av "Brandal fiskerihavn" trass i at dei berre hevdar å eige den minste av to steinfyllingar og ingenting utanom det i heile hamneområdet.

Hareid kommune ser denne avhendingssaka som formelt og juridisk svært uavklara. Skriva frå Kystverket har ikkje vore avklarande og tillitvekkande. Når kommunen etterlyser dokumentasjon på eigarskap vert dette møtt med udokumenterte påstandar m.a. slik som i brev av 12.02.2020, sitat:

"Staten eier alt staten har bygget i statlige fiskerihavner inntil konkret eierovergang har funnet sted. Statens eierskap er fastslått gjennom skriftlig planarbeid, konkrete budsjettmidler gjennom konkrete Stortingsvedtak og statlige regnskaper. Dersom kommunen ønsker å bestride dette må dette gjøres gjennom eget prosesskrift som Kystverket kan videresende til departementet med kommentarer."

Mange fiskerihavner er no avhenda til kommunar og organisasjonar. Vi må kunne ha tillit til at denne prosessen vert juridisk korrekt gjennomført.

Med helsing

Bernt Brandal
ordfører

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur(